

# Dekomposisjonens gyldne kunst

Vanlege problem i samband med Batch-digitalisering er at ein mister oversikten over kva ein har redigitalisert eller ikkje og korleis ein skal fortsetja på prosessen om ein bryt av midt i.

Om ein brukar funksjonen "Decompose" fyrst slepp ein unna desse problema, og ein vil kunna oppleva at redigitaliseringa går mykje betre og med mykje mindre frustrasjon...

Det som skjer når ein utfører ein "Decompose" er at det vert laga eit nytt masterklipp for kvart element i sekvensen, og så vert sekvensen endra slik at det er dei nye masterklippa som er i den. Dei nye masterklippa vert sett "Offline" slik at sekvensen du sit att med er tom med omsyn på media.

Fordelen med dette er at ein då kan batch-digitalisera ut frå lista med masterklipp, altså kan ein velja å ta t.d. eitt band om gongen, og på den tid og i den rekkefylgje ein sjølve ynskjer.

Om ein må avslutta jobben for dagen er det berre å fortsetja neste gong med t.d. dei klippa ein ser i lista er "Offline", eller det bandet som sto for tur når dè heldt på sist...


Hovudpoenget er i alle høve at ein sjølve har kontroll med prosessen, ikkje maskina, med dei problem erfaringa syner kan oppstå då...

## Framgangsmåte:

Lag ein ny Bin, gjerne kalla "Decompose", "Redig", eller kva de måtte ynskja.

Lag eit duplikat av sekvensen og flytt denne til den nye Bin'en


Lag endå eitt duplikat i den nye Bin'en og slett lydspora på dette




De kan då lukka alle andre Bin's.

Den sekvensen de skal køyra "Decompose" på er den utan lyd. Den andre treng de strengt tala ikkje ha der, men det er greitt å ha ein original versjon av sekvensen å sjå på/samanlikna med, lett tilgjengeleg.

Så må de høgreklikka på sekvensen og velja ”Decompose”:




Då kjem fylgjande vindauge opp:



“Offline media only” er det ikkje lurt å ha slått på...sekvensen er trass alt on-line...  
”Digitized clips” og ”Imported clips” skal vera på  
”Handle Length” er valfritt...vert same logikken som ved Batch-capture

Når de trykker ”OK” kjem fylgjande vindauge opp:



For å få gjort jobben vel de sjølvsagt **"OK"** her, elles skjer ingenting.

Etter at prosessen er ferdig vil Bin'en sekvensen ligg i vera stapp full av nye "Offline" masterklipp og heile sekvensen vil ha "Media offline".

Så er det berre å dra i gang Batch-capture og Batch-import av dei masterklippa de ynskjer. De kan sortera på "Tape", t.d. for å få lista opp klippa i høve til kva band dei kom frå i fyrste omgang.

Det er lurt å ha kolonnen "Offline" framme for å sjå kva klipp de ev. saknar. Raudmerking av "Offline"-klipp i Sekvensen er og nyttig...

**NB!**

**Denne funksjonen finst ikkje i Avid1**